



Møteinnkalling

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, formannskapssalen
Dato:	06.12.2023
Tid:	15:30

Dagsplan 6. desember:

Kl. 13.00 – 13.15 Presentasjonsrunde

Kl. 13.15 – 15.15 Kurs for kontrollutvalet om rollar og ansvar, v/ Birte Bjørkelo i Deloitte.

Kl. 15.15 - 15.30 Matpause (ta med niste)

Kl. 15.30 - Kontrollutvalsmøte

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982, hogne.haktorson@vlfk.no . Det er planlagt at Hogne Haktorson møter frå sekretariatet på dette møtet.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er så langt ikkje meldt om avbod til møte

Tarjei Aamot Haga
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 9/23 GK 10/23	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.09.2023 Politiske saker	2023/470	
PS 37/23	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune 2019 - 2023	2023/421	
PS 38/23	Rutinar for kontrollutvalet i Stord kommune	2023/421	
PS 39/23	Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 - 2028 - Forslag til prosjektplan	2023/391	
PS 40/23	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2023	2023/476	
PS 41/23	Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming	2022/154	
PS 42/23	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - statusrapport	2023/355	
PS 43/23	Orientering om postlista til Stord kommune ift. sensitive opplysningar	2023/469	
PS 44/23	Høyring om folkevalde si godtgjersle - uttale frå kontrollutvalet	2023/486	
PS 45/23 PS 46/23	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune Eventuelt Referat saker	2023/472 2023/468	
RS 14/23	Val av kontrollutval 2023 - 2027 for Stord kommune	2023/421	
RS 15/23	Invitasjon til folkevaldopplæring for kontrollutvala 13.- 14. februar 2024	2023/471	
RS 16/23	Nytt fra FKT oktober 2023	2022/33	
RS 17/23	Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen del 2, 5.-6. februar 2024	2022/33	
RS 18/23	Velkommen til NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2024!	2023/471	

GK 9/23 Godkjenning av innkalling og sakliste



Saksframlegg

Saksnr: 2023/470-1
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	10/23	06.12.2023

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 20.09.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 20.09.2023 vert godkjent.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Møteprotokoll etter møte i Stord kontrollutval 20.09.23

**Møteprotokoll**

Utval:	Stord kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Stord rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	20.09.2023
Tid:	14:00 - 18:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Fredrik Liltleskare	Leiar	H
Stian Djuvsland	Nestleiar	FRP
Astrid-Cecilie F. Aleksandersen	Medlem	AP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Jubskås	MEDL	SP
Gunnhild Kristin Borlaug	MEDL	FRP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Det var ingen vara som kunne stilla for Tore Jubskås. Gunnhild K. Borlaug møtte heller ikkje, grunna trong for vikar på jobb. Avklaring låg ikkje føre til møtestart, så det var uråd å kalla inn vara.

Andre som møtte

Namn	Stilling
Tommy Johansen	Kommunedirektør (Sak PS 23-25, 28-31 og 35/23)
Mariann Jacobsen Hilt	Kommunalsjef (Sak PS 23-25, 28-31 og 35/23)
Marianne Heggholmen Aarbø	Økonomisjef (Sak PS 24-25/23)
Lovise Vestbøstad	Plansjef (sak PS 28/23 og PS 35/23 del A)
Arne Bjelland	Einingsleiar tekniske tenester, (sak PS 25/23)
Inger-Johanne Sørbo Solberg	Manager i Deloitte AS (rekneskapsrevisor)
Annbjørge Ryssdal	Manager i Deloitte AS (forvaltningsrevisor)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, sekret. for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune

Fredrik Liltleskare
utvalsleiar

Hogne Haktorson
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/23	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 8/23	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 22.05.2023	2022/209	
	Politiske saker		
PS 23/23	Presentasjon av ny kommunedirektør i Stord kommune	2022/228	
PS 24/23	Kommunedirektøren orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 4 for 2022 frå Deloitte AS	2022/230	
PS 25/23	Kommunedirektøren orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune	2022/230	
PS 26/23	Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2023 for Stord kommune	2022/230	
PS 27/23	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - statusrapport	2023/355	
PS 28/23	Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming - ny oppfølging	2022/279	
PS 29/23	Forvaltningsrevisjon innan beredskap - ny oppfølging	2022/248	
PS 30/23	Forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge, oppfølging	2022/201	
PS 31/23	Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden	2022/232	
PS 32/23	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2024 til 2028 - Bestilling av prosjektplan	2023/391	
PS 33/23	Budsjett 2024 for kontrollarbeidet i Stord kommune	2022/229	
PS 34/23	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune	2022/36	
PS 35/23	Eventuelt	2022/28	
PS 36/23	Informasjon frå FKT sin fagkonferanse 2023.	2022/206	
	Referat saker		
RS 8/23	Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med psykisk utviklingshemming - utsett frist.	2022/154	
RS 9/23	Oversending av dokumentasjon til kontrollutvalet, ifm. tilsyn i barne- og avlastningsbustader	2022/244	
RS 10/23	Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027	2022/232	
RS 11/23	Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027, svar	2022/232	
RS 12/23	FKT Medlemsinfo juni 2023	2022/33	
RS 13/23	Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027	2022/33	

GK 7/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

GK 8/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 22.05.2023

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.05.2023 vert godkjent.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 22.05.2023 vert godkjent.

PS 23/23 Presentasjon av ny kommunedirektør i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet takkar for motteken informasjon / presentasjon.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Ny kommunedirektør, Tommy Johansen, presenterte seg for kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet takkar for motteken informasjon / presentasjon.

PS 24/23 Kommunedirektøren orienterer om oppfølging av revisjonsrapport nr. 4 for 2022 frå Deloitte AS

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Marianne Heggholmen Aarbø orienterte om oppfølging av revisjonsrapport nr. 4 for 2022. Manager i Deloitte, Inger-Johanne S. Solberg synest det var ein bra gjennomgang.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

PS 25/23 Kommunedirektøren orienterer om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar kommunedirektøren si orientering om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune til orientering.
2. Utvalet seier seg i denne omgangen nøgd med informasjonen som er gjeven.
3. Utvalet ønskjer at vedlagt skriv av 31.08.23, med fokus på kommunal økonomisk berekraft, vert vidaresendt til kommunestyret som referatsak.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Økonomisjef Marianne Heggholmen Aarbø orienterte om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune, herunder om økonomiske måltal. Kommunedirektør Tommy Johansen og einingsleiar Arne Bjelland supplerte.

Kontrollutvalet stilte spørsmål som vart svara ut, bl..a. om

- Auka kostnader som følgje av renteauke.
- Vedlikehaldskostnader også på nyare bygg.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar kommunedirektøren si orientering om kommunal økonomisk berekraft i Stord kommune til orientering.
2. Utvalet seier seg i denne omgangen nøgd med informasjonen som er gjeven.
3. Utvalet ønskjer at vedlagt skriv av 31.08.23, med fokus på kommunal økonomisk berekraft, vert vidaresendt til kommunestyret som referatsak.

PS 26/23 Revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2023 for Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2023 vert klar til behandling i møte kontrollutvalet 04.12.2023 med frist for levering til sekretariatet 15.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2023 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2023, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Manager i Deloitte, Inger-Johanne S. Solberg, orienterte om revisjonsplan og risikovurdering i høve etterlevingskontroll 2023 for Stord kommune.

Vedrørende tema for etterlevingskontroll 2023:

- Deloitte har førebels tenkt "tilskot" som tema.
- Det kom innspel i møtet om at Deloitte gjerne også kan vurdere "sjølvkost" som alternativt tema.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke, inkl. at eine årstalet i pkt. 3 vert retta til 2024.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå Deloitte til orientering.
2. Utvalet ber vidare om at interimrevisjonsrapport 2023 vert klar til behandling i møte kontrollutvalet 04.12.2023 med frist for levering til sekretariatet 15.11.2023.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2023 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2024, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

PS 27/23 Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - statusrapport

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Annbjørg Ryssdal gav ein status om eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning. Her kom fram at det kan bli forseinka levering. Dette som følgje av at kommunen ikkje har hatt kapasitet til å senda naudsynt dokumentasjon til revisor innan frist som var sett for å halda framdriftsplanen.

Kontrollutvalet aksepterte at leveringsfrist vert utsett frå 31.12.23 til 21.01.24. Dersom utsett leveringsfrist medfører at kostnader berekna i 2023 kjem i 2024, føreset utvalet at det finn stad ei budsjettoverføring til nytt år.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Leveringsfrist vert utsett frå 31.12.23 til 21.01.24.
3. Dersom utsett leveringsfrist medfører at kostnader berekna i 2023 kjem i 2024, ber utvalet om busjettoverføring til nytt år

PS 28/23 Forvaltningsrevisjon innan plan- og byggesakshandsaming - ny oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet konstaterer at utarbeiding av ny vegnorm vert ivareteke som del av pågåande kommuneplanarbeid.
2. Kontollutvalet er elles nøgd med oppfølgingsarbeidet som har vore, og vel å lukka vidare oppfølging frå utvalet si side.
3. Utvalet ønskjer lukke til med vidare utviklingsarbeid på saksfeltet.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Tommy Johansen, kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt og plansjef Lovise Vestbøstad var tilstades ved handsaminga. Kontrollutvalet sa seg nøgd med oppfølginga og valde å lukka saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet konstaterer at utarbeiding av ny vegnorm vert ivareteke som del av pågåande kommuneplanarbeid.
2. Kontrollutvalet er elles nøgd med oppfølgingsarbeidet som har vore, og vel å lukka vidare oppfølging frå utvalet si side.
3. Utvalet ønskjer lukke til med vidare utviklingsarbeid på saksfeltet.

PS 29/23 Forvaltningsrevisjon innan beredskap - ny oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Utvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status, særleg for pkt. B2 og B3 og delvis pkt. B5 til første møte i utvalet, hausten 2024.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 28.08.24.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Tommy Johansen og kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt var tilstades ved handsaminga. Kontrollutvalet drøfta saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er utført i samband med forvaltningsrevisjon innan beredskap i Stord kommune.
2. Utvalet ber kommunedirektøren koma med ny skriftleg status, særleg for pkt. B2 og B3 og delvis pkt. B5 til første møte i utvalet, hausten 2024.
3. Ny statusrapport vert å senda til sekretariatet innan 28.08.24.

PS 30/23 Forvaltningsrevisjon om førebyggende arbeid for barn og unge, oppfølging

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå fungerande rådmann når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.03.2023.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør Tommy Johansen og kommunalsjef Mariann Jacobsen Hilt var tilstades ved handsaminga. Kontrollutvalet drøfta saka. Det kom slike innspel til vedtakspunkt 1 og 3:

- Nemninga fungerande rådmann vert endra til kommunedirektør
- Dato for tilbakemelding skal vera 18.03.2024.

Forslag til vedtak, inkl. endringar som går fram av kulepunkta overfor, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektør når det gjeld forvaltningsrevisjon om førebyggjande arbeid for barn og unge i Stord kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 18.03.2024.

PS 31/23 Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden

Forslag til vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune for valperioden 2019 – 2023 vert å leggja fram i kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet, administrasjonen, revisor og sekretariat gjekk gjennom evalueringsskjema som er vedlagt saka. Skjemaet vart fylt ut i møtet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune for valperioden 2019 – 2023 vert å leggja fram i kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027.

PS 32/23 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll 2024 til 2028 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 13.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Stord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast
 - c. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Stord kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - d. Korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i ny valperiode, 04.12.2023.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2024.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om lovkrav i høve plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Noverande kontrollutval hadde sitt siste møte i valperioden. Dei synest det var greitt at dette utvalet bestilte prosjektplanen medan nytt utval vedtek denne. Revisjonen meinte tidsplanen burde la seg gjennomføra.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 13.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Stord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast
 - c. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Stord kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.

d. Korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.

2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i ny valperiode, 04.12.2023.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2024.

PS 33/23 Budsjett 2024 for kontrollarbeidet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2024 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte om budsjettforslaget. Utvalet drøfta saka. Dette kom fram i ordsiftet:

- Første heile år i ny valperiode (2020, 2024 mv.) gjev noko høgare kostnad enn øvrige år, i hovudsak grunna lovfesta planarbeid og folkevaldopplæring.
- Sum medemskontingent FKT vert auka med 1.000 kroner som følgje av årsmøtevedtak i FKT.
- Kolonne i vedlagt talbudsjett for 2023 inneheld nokre tal som må rettast.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtar forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Stord kommune for 2024 inkludert endringar som blir gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2024.

PS 34/23 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Utvalet hadde ein gjennomgang av aktuelle møteprotokollar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 35/23 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

A) Byggesak på Haga.

Saka har vore omtalt tidlegare i kontrollutvalet, under eventuelt. Plansjef Lovise Vestbøstad orienterte om at det nærmar seg vedtak i saka og at kontrollutvalet skulle få kopi av vedtaket. Utvalet hadde ei forventning om at vedtak ligg føre innan 4 veker.

B) Henvending relatert til kommunal arbeidsplass

Utvalseiar orienterte om ei ny henvending. På grunnlag av henvendinga sin art, vart møtet samrøystes lukka med heimel i kommunelova § 11-5, 2. ledd, ved handsaming av saka, jmf. Offl. § 13 jmf. forv.l. § 13. Utvalseiar orienterte om henvending. Kommunedirektør og kommunalsjef vart kjent med kva opplysningar utvalet hadde fått. Utvalet hadde ønskje om tilbakemelding til kontrollutvalet om kva administrasjonen føretar seg, erfaringane med dette, og mulige nye tiltak.

C Henvending om avlastning.

Utvalseiar orienterte om ei henvending gjeldande avlastning, og at han ikkje råda til at dette var noko kontrollutvalet som utval trong å gå vidare inn i.

Alle vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

A) Byggesak på Haga.

Kontrollutvalet har forventning om at vedtak i byggesak på Haga ligg føre innan 4 veker.

B) Henvending relatert til kommunal arbeidsplass

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, og er nøgd med at motteken informasjon er formidla vidare til kommuneadministrasjonen, men ber om ei orientering frå administrasjonen om oppfølginga etter møtet.

C Henvending om avlastning.

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering, og vel å ikkje føreta ytterlegare oppfølging ift. denne henvendinga.

PS 36/23 Informasjon frå FKT sin fagkonferanse 2023.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretariatet orienterte litt om kva som var oppe på FKT sin fagkonferanse 2023.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

RS 8/23 Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med psykisk utviklingshemming - utsett frist.

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 9/23 Oversending av dokumentasjon til kontrollutvalet, ifm. tilsyn i barne- og avlastningsbustader

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 10/23 Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 11/23 Reglement for kontrollutvalet for valperioden 2023 - 2027, svar

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 12/23 FKT Medlemsinfo juni 2023

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 13/23 Valg og opplæring av kontrollutvalg for perioden 2023–2027

Saksprotokoll 20.09.2023 - Stord kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/421-9
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	37/23	06.12.2023

Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune 2019 - 2023

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalget tar evalueringa frå kontrollutvalet i Stord kommune i førre valperiode til orientering.
2. Utvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

Samandrag

Dette er oppfølging av sak PS 31/23 «Evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i denne perioden» som vart handsama i kontrollutvalet 20.09.23.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Evaluering av kontrollutvalsarbeidet i valperioden 2019 til 2023

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune gjorde slikt vedtak i PS 31/23:

Resultat av evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune for valperioden 2019 – 2023 vert å leggja fram i kontrollutvalet for valperioden 2023 – 2027.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har fullmakt til å evaluera sitt eige arbeid.

Vurderingar og verknader

I kontrollutvalsboka er evalueringsarbeid mv. omtalt i kapittel 11, med slik oppsummering:

- Kontrollutvalet bør utarbeide ei årsmelding til kommunestyret.
- Kontrollutvalet må følgje opp korleis den kommunale forvaltninga gjennomfører og etterlever vedtaka til kommunestyret i samband med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.
- Kontrollutvalet bør gjennomføre evaluering av eige arbeid. Målsetjinga er å sørge for kontinuerleg læring og forbetring. Utvalet bør evaluere samhandlinga med både revisjonen og sekretariatet.
- Det er viktig å involvere både kommunestyret og administrasjonen i evalueringa av arbeidet til kontrollutvalet.
- Ved utgangen av ein periode er det viktig at kontrollutvalet legg til rette for ei god erfaringsoverføring til neste kontrollutval.

Resultatet av evalueringa er vedlagt saka.

Utvalet må i dette møte drøfte om dette er innspel dei vil merke seg for arbeidet i denne valperioden.

Konklusjon

Sekretariatet føreslår at kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode. Vidare vert det tilrådd å be sekretariatet om å arbeide vidare med dette.

Skjema for evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i Stord kommune, valperioden 2019 – 2023.

Kontrollutvalet (heretter kalla KUV), kommunedirektør, revisor og sekretariat var tilstades ved evaluering av arbeidet i KUV i valperioden 2019 – 2023. Evalueringa inneheld desse spørsmåla:

Nr.	Spørsmål	Svar
1	I kva grad blir møta leia og gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte? Kva kan gjerast betre?	Effektivt – godt leia – Tydeleg – engasjerande – oppmoding om innspel frå medlemmane – Viktig og bra med open kommunikasjon
2	Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?	Det har gått greitt – tal møte ok. ift. aktuelle saker.
3	Korleis vert kvaliteten på møtepapira vurdert?	Strukturerte oversiktlege møtepapir.
4	Kor nøgd er du med møtelokala?	Kommunestyresalen har vore nytta mest, og det var tilråding om å nytta denne vidare til utvalsmøta. Ønskjer fysiske møter (ikkje teams)
5	Klarar KUV å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte? Kva kan gjerast betre?	Utvalet har løyst oppgåva si . God dialog ved behov.
6	I kva grad har KUV hatt økonomiske rammer til å gjennomføre oppgåvene på ein god måte?	Økonomisk føresetnad har vore tilstades for å løysa oppgåvene. Kunne overføra midlar til nytt år ved oppstarta prosjekt på hausten. Kvart 4. år krevst litt større budsjett grunna planarbeid og folkevaldopplæring.
7	Korleis blir KUV oppfatta av andre sentrale aktørar, slik som kommunestyret og administrasjonen?	Utvalsleiar fekk auka godtgjersle til same nivå som leiarar i hovudutvala (frå 4 – 10% av berekningstal) Ordførar hadde då forventning om at utvalsleiar presenterer rapportar i aktuelle kommunestyremøte. Det vart oppfatta som heilt greitt. Forstår og respekterer kvarandre sine rollar. Nyttig at KUV-leiar er med i kommunestyret.
8	Har kommunestyret og administrasjonen forståing av kva rolle og ansvar KUV har? Korleis kan KUV bidra til ei god forståing?	Ja. Nyttig at utvalsleiar og evt. sekretariatet informerer kommunestyret om KUV sitt arbeidsfelt, slik det og vart gjort undervegs i valperioden 2019-2023.
9	Er det klåre roller og klår ansvarsdeling mellom KUV, kommunestyret og administrasjonen?	Ja.
10	I kva grad er KUV synleg nok på kommunen si heimeside?	Kontrollutvalet ønskjer ei betre plassering på kommunen sin møtekalender. Minimum møtedatoar, men fortrinnsvis og innkallingar og protokollar. I dag: Eige område for KUV.
11	Bør KUV gjere meir og / eller mindre av noko?	Ok slik det har vore praktisert denne 4- års perioden.
12	Korleis fungerer samhandlinga med revisor – både i høve administrasjonen og KUV? Kva kan gjerast betre?	Ryddige dokument frå revisjonen. Oversiktlege. Framføring i møte: utfyllande. Svart greitt på spørsmål. Etterretteleg. Nokre prosjekt forseinka, men det har blitt forklart. God gjensidig kommunikasjon. Adm.: Har fungert bra.
13	Korleis fungerte arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll?	Lærerikt og interessant arbeid. Utvalet var aktivt med ved risikoforståing og prioriteringar i slutt-dokumentet.
14	Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet - både i høve administrasjonen og KUV ? Kva kan gjerast betre?	Adm: Fungert greitt. Godt med raushet – hjelpa kvarandre Utval: Solide dokument. Fungerar utmerket. Godt samarbeid. Tlf.samtalar bra. Uunnværlig ressurs ift. utv.leiar. Kunnskapsrik. Strukturert. Stola på støtte.

15	<p>Korleis fungerer arbeidet med henvendingar til kontrollutvalet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Frå innbyggjarar - Tilsette - Andre folkevalde - Media 	<p>Ikkje klageorgan eller konfliktråd. Viktig med ryddig mottak av henvendingar. Retningslinjer ligg føre. Henv. normalt til utv.leiar. og at utv.leiar orienterer om henv. I møtet</p>
16	<p>Kva bør folkevaldopplæringa for det nye KUV innehalde?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forslag til tema? - Er det sett av tilstrekkeleg med ressursar til opplæring. 	<p>Roller og ansvar i første møtet. Budsjettforslaget ok, dersom kommunestyret vedtek det.</p>
17	<p>Folkevaldopplæring for kommunestyret (KS):</p> <ul style="list-style-type: none"> - Er det lagt planar for dette? - Bør KUV få delta her? - Bør roller og ansvar for KUV presenterast her? 	<p>Planar: Ja Bør KUV delta: Ja Presentasjon av KUV rollar og ansvar: Ja</p>
18	<p>Andre innspel til nytt utval</p>	<p>Viktig at politiske parti i utvelgning informerer om kva vervet inneber og at utvalsmedlemmane forpliktar seg, inklusiv plikt som folkevalt å møta. Kontinuitet ønskeleg ved konstituering.</p> <p>Obs. habilitetsreglar.</p> <p>Lukke til</p>



Saksframlegg

Saksnr: 2023/421-8
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	38/23	06.12.2023

Rutinar for kontrollutvalet i Stord kommune

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek rutinar for kontrollutvalet til etterretning.
2. Kontrollutvalet er informert om og tek til etterretning reglar for teieplikt.
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet sine faste medlemmar får abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren).
5. Kontrollutvalet vil prioritere at nokon frå utvalet deltek på ein eller fleire av konferansane for kontrollutval i 2024.
6. Kontrollutvalget vedtar at kan melde seg på kontrollutvalgslederskolen del 2 på Gardermoen 05. – 06.02.2024.
7. Kontrollutvalet vil prioritere at alle medlemmene deltek på folkevaldopplæring for kontrollutvala på Solstrand 2024.
8. Første møte i kontrollutvalet i Stord kommune i 2024 vertxx.xx.2024.

Samandrag

Det er ein del praktiske rutinar som gjeld kontrollutvalet som det kan vera nyttig å få avklart, informert om og verta einige om i det første møtet i utvalet. Denne saka tek sikte på å få avklart og verta samde om slike rutinar.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I starten av valperioden er det desse rutinane/punkta som må avklarast/informerast om:

1. Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet.
2. Teieplikt.
3. Melde avbod til møta.
4. Kontrollutvalet og media
5. Abonnement på «Kontroll & revisjon» (Kommunerevisoren) og Kommunal Rapport
6. Folkevaldopplæring for kontrollutvalet
7. Aktuelle konferansar i 2024 med kontrollutval som målgruppe
8. Nyttig informasjon for kontrollutvalet
9. Møteplan

Vedtakskompetanse

Rutinlar for kontrollutvalet er omtala i kommunelova kapittel 23 «Kontrollutvalgets virksomhet»

Vurderingar og verknader

1. Rutinar for innkalling til møte i kontrollutvalet.

Innkalling til kontrollutvalet vert vanlegvis sendt ut 7 dagar før møtet. Innkalling vert kun sendt ut elektronisk. Alle faste medlemmar vil få tilbod om nettbrett frå kommunen til å lesa sakspapira.. Politisk sekretær opplyser om at det ikkje vil vera nok tilgjengelege nettbrett til første møte, verken i kontrollutvalet eller andre utval. Det kjem seg av sein innlevering frå nokre som var politisk valde i førre valperiode men ikkje i denne, samt sein leveranse.

2. Teieplikt.

Det er kontrollutvalet som politisk organ som kan be om informasjon som er unnateke offentleggjering. Kvar einskilt utvalsmedlem kan ikkje sjølv ta kontakt med kommuneadministrasjonen med krav om å få utlevert slik informasjon.

Teieplikt for folkevalde er regulert i forvaltningslova § 13 som lyd slik:

«§ 13. (taushetsplikt).

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid for et forvaltningsorgan, plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til det han i forbindelse med tjenesten eller arbeidet får vite om:

1) noens personlige forhold, eller

2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.

Heile lovteksten finn du her:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1967-02-10/KAPITTEL_3#KAPITTEL_3

3. Melde avbod til møta.

Avbod til møta i kontrollutvalet skal meldast så tidleg som råd til **sekretariatet**. Avbod skal vera gyldig og grunnjevast.

Dette føl av kommunelova § 8-1 «Rett og plikt til å delta i møte»

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83/KAPITTEL_2-4#KAPITTEL_2-4

4. Kontrollutvalet og media

Slik sekretariatet ser det vil det vera føremålstenleg at det er leiar i kontrollutvalet som uttaler seg til media på vegne av utvalet. Det vert tilrådd at det vert gjort vedtak om dette. Dette var og praksis i førre valperiode i kommunen og i dei andre kommunane som vi er sekretariat for.

5. Abonnement på Kommunerevisoren.

Det har til no vore vanleg at dei faste medlemmene i kontrollutvalet kan abonnere på «Kontroll & revisjon» (Tidlegare namn: Kommunerevisoren), som NKRF - kontroll og revisjon i kommunene gjev ut. (Abonnement kroner 525,- årleg).

6. Folkevaldopplæring for kontrollutvalet

Felles folkevaldopplæring for kontrollutvala i kommunane i Hordaland fylke skal haldast på Solstrand Hotel & Bad 13.02. - 14.02.2024. Denne samlinga vert arrangert anna kvart år – kort tid etter valet og midt i perioden. Alle medlemmane har signalisert at dei ønskjer å delta, og dei er påmeldt. Om nokon likevel ikkje får det til, kan det meldast frå om på møtet.

7. Aktuelle konferansar mv. i 2024 med kontrollutval som målgruppe

- a) NKRF – Kontroll og revisjon i kommunene skal holde sin årlege kontrollutvalgskonferanse 31.01. - 01.02.2024 på Gardermoen [NKRF – kontroll og revisjon i kommunene](#)
- b) Kontrollutvalgslederskolen del 2 [Kontrollutvalgslederskolen del 2 | 5. - 6. februar 2024 - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)
- c) Forum for kontroll og tilsyn (FKT) skal halde sin årlege fagkonferanse 04.06. – 05.06.2024 på Gardermoen. [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

Det blir tilrådd at kontrollutvalet vurderer deltaking på desse konferansene.

8. Nyttig informasjon for kontrollutvalet

Som ny i kontrollutvalet kan det vera nyttig å gjera seg kjent med dette:

- a) Kontrollutvalsboka som du finn på denne lenkja: [Kontrollutvalsboka \(regjeringen.no\)](#)
 - Det kan t.d. vera nyttig å lese «Kontrollvettreglane» som du finn på side 10
- b) Forum for kontroll og tilsyn (FKT) som ein interesseorganisasjon for kontrollutval i Noreg og deira sekretariat [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)
- c) Kontrollutvalet på heimesida til Stord kommune, her finn du:
 - Oversikt over møte og medlemmar i kontrollutvalet
 - Reglement for kontrollutvalet
 - Revisjonsrapportar

- Årsmeldingar

- d) Budsjett forslag for kontrollarbeidet for 2024
- e) Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024
- f) Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024

Dokumenta som er omtala i punkt d til f vert om medlemmane ønskjer det, send på e-post til kontrollutvalsmedlemmane etter møtet.

9. Møteplan

I førre valperiode varierte det litt kva vekedag kontrollutvalet hadde møte. Møtestart var normalt kl. 14.00. Dersom Deloitte gjennomførte kurs, vart dei vanlegvis halde same dag frå kl. 12.00 – 14.00. Det kan vera føremålstenleg å høyra om nokre vekedagar er betre enn andre. Sekretariatet har oppfatta at det er ønskje frå kommunen om å ha møtestart kl. 14.00.

Ved oppsett av møteplan er det fleire omsyn som må takast, t.d. kva dagar i veka andre politiske utval har sine møte. Dette både av omsyn til å få tak i eigna møterom og til at administrasjonen er ledig dersom kontrollutvalet vil ha dei inn i møtet og orienter om ei sak.

Det kan gjerne og drøftast om kommunestyresalen, formannskapssalen eller publikumssalen er prioritert møterom for kontrollutvalet. Fram til 2019 var formannskapssalen prioritert. I førre valperiode var kommunestyresalen prioritert. Endringa skjedde då pandemien kom. Nokre kurs som revisjonen held er og aktuelle for tilsette i kommuneadministrasjonen. Det er vanlegvis to slike kurs, kvart på 2 timar i året. Då krevst litt meir plass, og kommunestyresalen kan vera best eigna, i alle fall til kursdelen.

Kommunestyret har normalt laga halvårlege møteplanar for øvrige politiske organ.

Kontrollutvalet har vanlegvis 3 møter i vårhalvåret og 2 møter i hausthalvåret. Det må som eit minimum fastsettast møtedato for første møte i 2024.

Konklusjon

Sekretariatet rår til at forslag til vedtak vert vedteke.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/391-5
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	39/23	06.12.2023

Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024 - 2028 - Forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingar (ROV) av verksemda i Stord kommune og verksemda i kommunen sine selskap og av Stord kommune sin eigarskap i selskap.
2. Vidare ber kontrollutvalet Deloitte AS utarbeide forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028.
3. Det er ei målsetting at prosessmøte 1 skal gjennomførast i første møte i kontrollutvalet 2024 og at prosessmøte 2 skal gjennomførast i kontrollutvalet i april.2024.
4. Det er vidare ei målsetting at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for 2024 – 2028 skal leggest fram for kommunestyret i juni 2024.

Samandrag

Kontrollutvalet får i denne saka prosjektplanen som skal vere grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll til behandling. Revisor vil utarbeide forslag til planane på bakgrunn av ei risiko- og vesentlegvurdering som er omtalt i prosjektplanen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Stord kommune - prosjektplan ROV-vurderingar.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I tråd med kommunelova §§ 23-3 og 23-4 skal kontrollutvalet utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll det første året i valperioden. Det betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2024 må sørge for:

- å gjennomføre ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap og av kommunen sin eigarskap.
- å utarbeide planar for gjennomføring av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i perioden 2024 – 2028 basert på den gjennomførde risiko og vesentlegvurderingar
- at planane blir vedtatt av kommunestyret, som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Kontrollutvalet vedtok 20.09.2023 i sak PS 32/23 følgjande:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte innan 13.11.2023, laga eit forslag til prosjektplan, som m.a. inneheld korleis analyse- og planarbeidet skal gjennomførast, ressursbruk og forventa levering. Prosjektplanen skal omfatte:
 - a. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Stord kommune si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap skal gjennomførast.
 - b. Korleis arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast
 - c. Korleis risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av Stord kommune sin eigarskap i selskap skal gjennomførast.
 - d. Korleis arbeidet med plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 skal gjennomførast.
2. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i første møte i ny valperiode, 04.12.2023.
3. Kontrollutvalet ber om at prosessen blir lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2024.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har ansvaret for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, ref. kommunelova §§ 23-3 og 23-4. Prosjektplanen er ein del av dette arbeidet.

Endeleg planar vil bli vedteken av kommunestyret etter innstilling frå kontrollutvalet.

Vurderingar og verknader

Forslag til prosjektplan for gjennomføring av arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll er motteken og ligg ved saka. Deloitte har presentert arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll i same prosjektplan, ettersom dei har ein del overlappende aktivitetar.

I samband med arbeidet vil Deloitte mellom anna nytte dokumentanalyse, statistikk, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, intervju og elektronisk spørjeundersøking som metode. Dei vil gjennomføre intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Det vil bli utarbeidd ei felles risiko- og vesentlegvurdering (ROV) for både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vidare er det lagt opp til 2 prosessmøter med kontrollutvalet. I prosessmøte 1 vil utvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sitt ansvarsområde, i selskap eigd av kommunen og kommunen sin eigarskap. I prosessmøte 2 skal kontrollutvalet gjennomføre sin endelege prioritering av prosjekt som skal ligge i forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll som kommunestyret skal godkjenne.

Sekretariatet vurderer prosjektplanen som godt gjennomarbeidd og den viser at Deloitte har gode prosessar og rutinar for gjennomføring av slike oppdrag. Etter sekretariatet si vurdering er det viktig at dette arbeidet blir gjort på en grundig og god måte som sikrar sterk involvering både administrativt, politisk og ikkje minst at kontrollutvalet blir sterkt involvert. Sekretariatet har ikkje merknad til at det blir disponert ein ressurs på inntil det timetal som er lagt inn i prosjektplanen for begge prosjekta til saman.

I forslag til prosjektplan er det lagt opp til at arbeidet skal vere ferdig tidsnok til at kommunestyret får planane til behandling i juni 2024. Det samsvarar med kontrollutvalet sitt ønskje jmf. sak PS 32/23 i kontrollutvalet sitt møte 20.09.23.

Kontrollutvalet bør i dette møtet, saman med Deloitte og sekretariatet, drøfte når det kan vere mest føremålstenleg at prosessmøte 1 og prosessmøte 2 skal gjennomførast. Prosessmøte 1 kan til dømes gjennomførast i første møte 2024. Videre kan prosessmøte 2 gjennomførast i kontrollutvalsmøte i april 2024.

Dersom det blir ein slik gjennomføring av prosessen vil endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kunne leggast fram for kontrollutvalet i møte i juni 2024.

Kontrollutvalet bør også diskutere om det er andre ting Deloitte bør ta med seg vidare i dette arbeidet.

Konklusjon

Forslag til prosjektplan med dei endringar som måtte kome fram under behandlinga i møtet vert tilrådd som grunnlag for oppdraget med å utarbeide plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for Stord kommune.



Stord kommune

Risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Prosjektplan/engagement letter

November 2023

«Risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll - prosjektplan»

November 2023

Prosjektplan utarbeidd for Stord kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Føremål og problemstillinger	4
2.	Risiko- og vesentlegvurdering	6
3.	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll	8
4.	Tid og ressursbruk	9

1. Føremål og problemstillingar

1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet 20.09.23 sak PS 32/23 utarbeidd ein prosjektplan for risiko- og vesentlegvurderingar og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i Stord kommune.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 anna ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Hensikten med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 anna ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Hensikten med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Vår tilnærming til risiko- og vesentlegvurdering – involvering og forankring

I prosessen med ROV-vurderingar og utforming av planar, nyttar vi ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale aktørar i administrasjonen og i kommunestyret. Med ei tilnærming der utvalet spelar ei aktiv rolle vil vi sikre at vi avdekkjer kva forvaltningsområde, kva selskap og kva eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg vil høg grad av involvering bidra til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføringa av prosjekta som blir prioritert i planane.

Vi ønskjer at arbeidet med ROV-vurderingane skal gjennomførast med vekt på:

- Involvering og forankring i administrasjonen
- Involvering og forankring i kommunestyret

- Involvering og forankring i kontrollutvalet

Ei brei forankring og involvering vil sikre følgjande:

- Kontrollutvalet får informasjon om dei sentrale risikoområda i kommunen
- Prosjekta kontrollutvalet vel er dei med høgast risiko
- Legitimitet for val av prosjekt i kommunestyret og i administrasjonen
- Læring og forbetring i administrasjonen

I tillegg til grunnlag for val av prosjekt, vil ROV-vurderingane også gje innspel til tema som kontrollutvalet kan følgje opp gjennom andre metodar som til dømes orienteringar frå administrasjonen.

2. Risiko- og vesentlegvurdering

2.1 Innleiing

Formålet med ROV-vurderingane er å skaffe relevant informasjon om verksemda til kommunen, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje planar for forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, og å prioritere mellom ulike område og selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre prosjekt.

ROV-vurderingane vil avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga og selskapa der kommunen har eigarskap, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til *sannsynet for og konsekvensane av* at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett. Risiko vil bli vurdert innanfor alle kommunen sine tenestemråde og eigarskap.

På bakgrunn av ROV-vurderinga vil det bli utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjons- og eigarskapskontrollprosjekt, og kontrollutvalet må sjølv vurdere dei ulike områda opp mot kvarandre, og avgjere kva dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.¹

2.2 Analysedokument

Det vil bli utarbeidd eitt analysedokument i samband med ROV-vurderingane som vil omfatte vurderingar av risiko og vesentlegheit knytt til både forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Analysedokumentet vil gje eit grunnlag for kontrollutvalet til å velje ut og prioritere prosjekt, og legg slik grunnlag for både plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

2.2.1 Del 1: Forvaltningsrevisjon

Seksjon 1: Innleiing

I denne seksjonen vil vi beskrive arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og utarbeidinga av ROV-vurderinga. Vi vil også beskrive kva metodar som er nytta.

Seksjon 2: Risikoanalyse

I denne seksjonen vil vi gjere ein oppsummerande presentasjon og analyse av data knytt til kvart tenestemråde og kvart selskap, slik at det går fram kva område og kva selskap det er knytt risiko til.

Seksjon 3: Identifiserte behov for forvaltningsrevisjon

I denne siste seksjonen i del 1 vil vi samanfatte dei område det er knytt størst risiko til, basert på risikoanalysen i seksjon 2, og knytte desse til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet som skal prioritere mellom prosjekta. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og ta bort prosjekt. Dette vil skje i prosessmøte 2 med kontrollutvalet (sjå avsnitt 2.3.7).

2.2.2 Del 2: Eigarskapskontroll

Seksjon 1: Innleiing

I denne seksjonen vil vi beskrive arbeidet med plan for eigarskapskontroll og utarbeidinga av ROV-vurderinga. Vi vil også beskrive kva metodar som er brukte.

Seksjon 2: Risikoanalyse

I denne seksjonen vil vi gjere ein oppsummerande presentasjon og analyse av data knytt slik at det er mogleg å peike ut kva eigarskap det er knytt risiko til.

Seksjon 3: Identifiserte behov for eigarskapskontroll

I den siste seksjonen i del 2 vil vi samanfatte dei eigarskapa det er knytt størst risiko til, basert på risikoanalysen i seksjon 2, og knytte desse til moglege eigarskapskontrollar. Det er kontrollutvalet som skal prioritere mellom prosjekta. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og ta bort prosjekt. Dette vil skje i prosessmøte 2 med kontrollutvalet (sjå avsnitt 2.3.7).

2.3 Metodisk tilnærming og involvering av sentrale aktørar

2.3.1 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tar utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå kommunen. Vi vil også undersøkje kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse vil samla gje eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt gje eit viktig bidrag til å avdekkje område med risiko eller behov for forbetring.

¹ For ein nærare presentasjon av ROV-vurdering, sjå kapittel 6 i *Kontrollutvalshandboka* utgjeve av kommunaldepartementet [Kontrollutvalsboka - regjeringen.no](http://kontrollutvalsboka-regjeringen.no)

2.3.2 Statistikk

Offentleg statistikk er i første rekkje henta frå KOSTRA,² og viser tal frå alle tenesteområda som blir gjennomgått i analysen. I analysen vil vi gjere ei samanlikning av kommunen sine tal opp mot tal frå kommunegruppe, noko som gjev eit godt grunnlag for å finne indikasjonar på avvik eller forbettringsområde.

2.3.3 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte nyttar Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen vil nyttast både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.

2.3.4 Intervju

Vi vil gjere intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi ønskjer å intervjuje rådmann, samt sentrale leiarar frå administrasjonen (4-5 personar). I tillegg vil vi intervjuje ordførar, varaordførar og sentrale utvalseleiarar (4-5 personar). Intervjua vil bli gjennomført per telefon eller Teams for å sikre ei effektiv gjennomføring.

2.3.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile kommunestyret blir involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøkinga i Questback (elektronisk spørjeundersøkningsverktøy). I denne blir desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenesteområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytte til selskap kommunen eig.

2.3.6 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet vil kontrollutvalet få høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring får arbeidet i kontrollutvalet.

I denne prosessen nyttar vi eit «risikospel» som har ei oversikt over dei ulike tenesteområda i kommunen. Ved bruk av farga spelbrikker får kontrollutvalsmedlemmane høve til å vurdere risiko knytt til ulike tenesteområde.

2.3.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

Føremålet med det andre prosessmøtet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelige prioritering til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll. Som eit grunnlag for diskusjonen i møtet vil analysedokumenta bli ferdiggjort og lagt fram for kontrollutvalet i god tid før møtet. I dokumenta vil alle data som er samla inn bli presentert i ei risikovurdering, inkludert dei data som blei samla inn frå kontrollutvalet i prosessmøte 1. På bakgrunn av risikoanalysen vil det gå fram kva område det er knytt størst risiko til.

Det er kontrollutvalet som i prosessmøtet skal prioritere og vurdere dei ulike risikoområda og avgjere kva område og selskap som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon, og kva eigarskap ein skal prioritere å gjere eigarskapskontroll med.



² KOMMUNE-STAT-RApportering (<https://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra/>)

3. Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll

Når ROV-vurderingane er gjennomførte og kontrollutvalet har prioritert prosjekta i prosessmøte 2, vil vi utarbeide utkast til plan for forvaltningsrevisjon og utkast til plan for eigarskapskontroll.

Utkast til plan for forvaltningsrevisjon vil omfatte:

- Skildring av forvaltningsrevisjon
- Skildring av ROV-vurderinga
- Liste med prioriterte prosjekt der det går fram prosjektittel, tema og problemstillingar
- Liste med uprioriterte prosjekt der det går fram prosjektittel og tema
- Retningsliner for bestilling av prosjekt, rapportering og endringar i planen

Utkast til plan for eigarskapskontroll vil omfatte:

- Skildring av eigarskapskontroll
- Skildring av ROV-vurderinga, inkludert ei liste over eigarskapa til kommunen
- Liste med prioriterte prosjekt der det går fram prosjektittel, tema og problemstillingar
- Ev. liste med uprioriterte prosjekt der det går fram prosjektittel og tema
- Retningsliner for bestilling av prosjekt, rapportering og endringar i planen

Utforming av utkast til planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll vil skje i nær dialog med kontrollutvalet.

4. Tid og ressursbruk

4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Annbjørg Ryssdal og ein prosjektmedarbeidarar. Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

4.2 Ressursbruk og gjennomføringsplan


Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 150 timar å gjennomføre prosjektet.

Prosjektet vil gjennomførast våren 2024, slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i juni 2024.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Stord kommune og Deloitte.

Bergen, 13. november 2023



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

Deloitte.

Deloitte refers to one or more of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its global network of member firms, and their related entities (collectively, the "Deloitte organization"). DTTL (also referred to as "Deloitte Global") and each of its member firms and related entities are legally separate and independent entities, which cannot obligate or bind each other in respect of third parties. DTTL and each DTTL member firm and related entity is liable only for its own acts and omissions, and not those of each other. DTTL does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no to learn more.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our global network of member firms and related entities in more than 150 countries and territories (collectively, the "Deloitte organization") serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 415,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2023 Deloitte AS



Saksframlegg

Saksnr: 2023/476-2
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	40/23	06.12.2023

Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport for 2023

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar oppsummering etter interimrevisjon 2023 for Stord kommune frå Deloitte til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal presentere resultatet av den gjennomførte interimrevisjonen i Stord kommune gjeldande rekneskapen for 2023.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 interimrevisjon Stord kommune 2023

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet i Stord kommune har ansvar for at det vert gjennomført rekneskapsrevisjon i kommunen, jf. kommunelova § 23-2, der det m.a. står:

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte»

Videre har kontrollutvalget ansvar for å se til at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning, jf. forskrift om kontrollutvalg § 3, der det bl.a. står:

«Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte
b) rekneskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor
c) rekneskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka ved at dei skal sjå til at rekneskapan vert revidert på ein tryggende måte og halde seg laupande orientert om revisjonsarbeidet, jf. kommunelova § 23-2 og forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Interimsrevisjon kan forklarast slik:

Interimsrevisjon er den revisjonen som vert gjennomført i løpet av året for å kontrollere at dei interne kontrollane fungerer som føresett gjennom året. I interimsrevisjonen går revisor gjennom og testar rutinar, transaksjonar og rapportering innan utvalde område.

I møte i kontrollutvalet 20.09.2023 orienterte Deloitte om sin revisjonsplan, om rekneskapsrevisjonen så langt i 2023 og presenterte risikovurdering for etterlevingskontroll for rekneskapan for 2023.

I dette møtet skal dei presentere oppsummeringa av dette arbeidet. Presentasjonen av denne oppsummeringa, vil på same måte som presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering for etterlevingskontroll, vera ein lekk i å sjå til at Stord kommune sine rekneskapar vert revidert på ein betryggende måte og at Stord kommune har ein forsvarleg revisjon.

På bakgrunn av det som kjem fram i presentasjonen bør kontrollutvalet, slik sekretariatet ser det, få høve til å koma med forslag til fokusområde i årsoppgjersrevisjonen som skal gjennomførast framover, dersom dei ønsker det, sjølv om det er revisjonen som avgjer kva dei skal sjå på.

Oppsummeringa ligg ved.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i møtet vert det tilrådd at kontrollutvalet tar oppsummeringa etter interimsrevisjonen for 2023 frå Deloitte til orientering.

Stord Kommune
v/kontrollutvalet
PB 304
5402 Stord

17. november 2023

Revisjonsrapport nr. 5
(journalførast)

INTERIMSREVISJON STORD KOMMUNE 2023

Generelt

Vi har utført interimrevisjonen av Stord kommune for 2023. Vi vil i den anledning gje ei kort oppsummering av utført interimrevisjon og kommentera nokre forhold som vi meiner leiinga i kommunen bør ha eit spesielt fokus på.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltning er ordna på ein trygg måte.

Rekneskapsrevisjon

Rekneskapsrevisjonen skal gje revisor grunnlag for å gje ein uttale om rekneskapsføringa i form av ei revisjonsmelding. Rekneskapsrevisjonen er delt i to fasar, interimrevisjon og årsoppgjersrevisjon.

I interimrevisjonen testar vi kontrollar i rekneskapsrutinar for å få verifisert at dei har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg gjennomfører vi kontrollar på områder, og for regnskapsposter, kor det ikkje er mogleg å oppnå same tryggleik eller med same effektivitet ved revisjon i årsoppgjerset.

Sjølvtende og objektivitet

Vi stadfester at revisjonsteamet tilfredsstiller dei krava til sjølvtende og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 24-2 og § 24-4 i kommunelova.

Bokføringslova og dokumentasjon av rekneskapsføringa

Bokføringslova (Lov 2004-11-19 nr 73) og bokføringsforskrifta (Forskrift 2004-12-01 nr. 1558) vart frå 1. januar 2011 gjeldande for kommunar og fylkeskommunar, samt kommunale og fylkeskommunale føretak. Det betyr at desse må følgja alle reglane i bokføringslova § 2 til § 14. Vidare må bokføringsforskrifta kapittel 2 til 7 følgjast.

Vi minner om at ved utarbeiding av årsrekneskap skal det etter bokføringslova § 11 vere dokumentasjon av alle balanseposter i rekneskapsføringa utan dei som er ubetydelege.

Intern kontroll

Gjennomgangen har gitt oss kunnskap om kontrollmiljøet i kommunen, om kontrollmessige sterke og svake sider i vesentlege økonomiprosessar, og ei forståing av korleis rekneskapsføringa vert generert, registrert og rapportert.

Vår vurdering av internkontrollen byggjer på informasjon innhenta gjennom kartlegging og gjennomgang av rutinar i samband med interim revisjonen, på kunnskap i eigen organisasjon om regelverk, rutinar og prosessar i kommunen.

I vår gjennomgang av **lønnsområdet**, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring registrering, oppdatering og lønnskjøring. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med lønningskonsulentane. Dei tilsette har signert fullmaksskjema i forhold til hvilke rettigheter dei innehar. Vi har ikkje avdekket svakheter ved dei interne kontrollane som lønningskonsulentane har innarbeida for eige arbeid.

I vår gjennomgang av drifts- og investerings rekneskapen, har vi gjennomgått kommunens rutinar omkring **innkjøp og inngående fakturaer**. Vi har kartlagt rutinar gjennom samtalar med økonomileiar. Ved denne gjennomgangen har vi ikkje avdekket svakheter ved dei interne kontrollane.

I vår gjennomgang av **inntektsrutinar** innan eigenbetaling for institusjons- og omsorgstenester, SFO, husleige samt eigedomsskatt og VA har føremålet vært å kontrollere at det er etablert system og kontrollar som sikrar at alle fakturerte inntekter er i samsvar med grunnlaget (dei tenestene som er levert), og at inntektene vert bokført i rett periode med rett beløp.

Det var gjennomgåande god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert.

I forbindelse med kontroll av kven som har tilgang til **bank** samt rutine for **bankavstemming** ser vi at kommunen har rutine for arbeidsdeling med to som godkjenner utbetaling, og månadleg bankavstemming ved hjelp av Account Control.

I vår gjennomgang av avstemmingar har vi observert at terminvis avstemming av **merverdiavgift, arbeidsgiveravgift og skattetrekk** no blir fulgt opp.

Gjennomgåande er der god kvalitet på dokumentasjonen som vart kontrollert og vi opplever at kommunen løpande jobbar med å etablere og forbedre gode rutiner.

Kontroll av transaksjonar / bilag

Kommunen har etablert system og rutinar som sikrar kontroll med transaksjonane (transaksjonskontrollar). Kontrollen skal sørge for at inntekter, innkjøp, tilskot, løn og andre oppgavepliktige ytingar blir handtert i samsvar med gjeldande lover, reglar og avtalar, og at inntekter og utgifter vert fulgt opp i forhold til budsjett og planar. På inntektsområdet er føremålet vidare å sikre at inntekter blir rett berekna og innbetalt, og at uteståande krav blir fulgt opp.

Eit viktig kontrollelement er kravet om at alle bilag skal vera tilvist. Dette inneberer at alle disposisjonar som inneber økonomiske forpliktingar skal stadfestast av ein som har budsjettmyndingsmyndigheit. Den som har budsjettmyndingsmyndigheit kan ikkje godkjenne godtgjersle eller andre utbetalingar til seg sjølv.

Vi har føretatt terminvise kontrollar av krav om kompensasjon for meirverdiavgift. Ein revisjon av dette inneberer handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i kompensasjonsoppgåva. Meir spesifikt betyr dette at vi plukkar ut eit tilfeldig utval av kostnadane, og kontrollere at kommunen har behandla desse kostnadane riktig avgiftsmessig.

Vi har ikkje avdekket vesetlege feil knytta til den terminvise kontrollen av krav om kompensasjonen av meirverdiavgift.

Tilgangstyring og arbeidsdeling

Arbeidsdeling er ein viktig del av internkontrollen for å førebygge feil og mislegheiter. I ein mindre kommune med relativt liten administrasjon kan dette by på utfordringar. Stord kommune har i stor grad etablert denne kontrollen og har tilfredsstillande arbeidsdeling på vesentlege områder.

Avslutning

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Kommunedirektør

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende porter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Else Holst-Larsen

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5992-4-2705162

IP: 185.67.xxx.xxx

2023-11-17 12:44:34 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumenter er læst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>



Saksframlegg

Saksnr: 2022/154-51
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	41/23	06.12.2023

Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektøren, når det gjeld forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 03.04.2024.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i kommunestyret 11.05.2023, av forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Handlingsplan forvaltningsrevisjon oktober.PDF

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Stord kommune handsama forvaltningsrevisjonsrapport om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming i møte 11.05.2023, sak PS 12/23. Rapporten har hovudfokus på tenester til psykisk utviklingshemma. Det vart gjort slik vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«På bakgrunn av gjennomført forvaltningsrevisjon om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med utviklingshemming, ber kommunestyret rådmannen syta for å:

1. Arbeida vidare med å tilby eit tilstrekkeleg variert arbeids- og aktivitetstilbod som er tilpassa behova og ønska til brukarane.
2. Sikra at personar som har fått vedtak om støttekontakt får innfridd tenestene, ev. vurderer alternative ordningar i ein overgangsperiode.
3. Sikra systematisk oppfølging og førebygging av sjukefråvær i alle avdelingar i eining for habilitering.
4. Arbeida vidare med å sikra at tilsette og vikarar får tilstrekkeleg opplæring i avviksrutinar og kva som skal meldast som avvik, samt sørgja for tilbakemelding til meldar og at avvik blir brukt til læring og forbetring av tenestene.
5. Utarbeida kompetanseplanar for eining for habilitering og underliggande avdelingar.
6. Etablere system for å henta inn og gjera bruk av erfaringar frå brukarar og deira pårørande i forbetningsarbeid.
7. Kommunestyret ber også om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 31.08.2023 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Kommuneadministrasjonen hadde sommaren 2023 eit grunngjeve ønskje om utsett frist for å levera handlingsplan, til 15.10.23. Det vart innvilga.

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding motteke i sekretariatet. Tilbakemeldinga er systematisert og ligg som vedlegg i saka.

Av tilbakemeldinga går det fram at:

- Enkelte punkt er følgt opp
- Nokre oppfølgingspunkt vert arbeidd med kontinuerleg
- Andre punkt vert freista følgt opp gjennom prosess med kommunebudsjett for 2024
- Så er det ein del andre punkt som har intern frist for ferdigstilling til datoar fram i tid, til dømes 31.12.23 og 01.03.24.

På bakgrunn av det som er meldt attende om innsats framover, bør kontrollutvalet be om å få ny status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet i 2024. Det møtet vert vanlegvis halde i april mnd.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet tar tilbakemeldinga frå kommunedirektøren når det gjeld forvaltningsrevisjonsrapport om effektivitet og kvalitet i tenester til personar med

utviklingshemming til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen til andre møte i utvalet, våren 2024, med frist for levering til sekretariatet 03.04.2024.

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon 22/23

Område	Tiltak	Beskriving	Ansvar	Frist
Støttekontakt – rekruttering og alternative løysingar		Det ligg fast annonse under ledige stillingar på kommunen si heimeside Oppslag på høgskule og folkehøgskule Informasjonsbrosjyrar på kulturhuset og på ulike venterom	Kultureininga	Kontinuerleg
	Organisering	Støttekontaktordninga er eitt av tiltaka ein vurderer organiseringa av ifb med budsjettarbeid og arbeid med oppvekstreforma. Fortsetja å ha fokus på gruppetiltak der det er mogleg	Strategisk leiing	Ifb med budsjett 2024
	Evaluering av vedtak	Tildelingskontoret saman med bustad må vurdere om brukarar som har vedtak, men ikkje støttekontakt, skal ha vedtak fortsatt.	Tildelingskontoret	01.03.24
Arbeid og aktivitet – variasjon og kapasitetsauke – individuelle ynskjer og behov	Revidert rutine for vurdering/kartlegging individuelle behov(m. vgs og NAV)	Rutinen er nyleg revidert. Rutinen beskriv arbeidet som vert gjort i dag, men sjølve rutinen må gjerast betre kjent i einingane	Einingsleiar NAV; tildeling, habilitering	Gjennomført vår 23
	Kartleggingsmøte med tildelingskontoret	Tildelingskontoret kartlegg etter søknad om arbeid – og aktivitetstilbod	Tildelingskontoret, kallar inn andre ved behov	Blir gjennomført
	Interessekartlegging på Sæbø gard	Kartlegge interesse hos brukarar som har vore lenge på Sæbø, om det er endra behov/ynskjer	Primærkontakt	I vårhalvåret, slik at ein kan ha det med ved planlegging av hausten

	<p>Identifisere framtidige brukarar og deira behov for dag- og aktivitetstilbod</p> <p>Heilt med – etablere ordninga i Stord kommune</p> <p>Kombinasjon av ulike tilbod; Sæbø +ute i andre einingar/bedrifter nokre dagar/timer</p> <p>Eldretilbod</p> <p>Tilbod til personar med anna behov for skjerming</p> <p>Ettermiddagsopning på Sæbø for dei som har følgepersonell</p> <p>Aktivitet – lunsj på rundgang. Bufellesskapa inviterer del som ikkje er på arbeid til lunsj.</p>	<p>Vere i systematisk dialog med samarbeidspartar i aktuelle overgangar</p> <p>Budsjettsak til B2024</p> <p>Finnes det oppgåver i kommunale einingar som kan utførast av våre brukarar, eller kan vi få til meir samarbeid med næringslivet</p> <p>Lågterskel tilbod -Finnes det andre tilbod som våre brukarar kan delta på? Kartlegging av desse tilboda.</p> <p>Stor trong for investering i andre bygg, mogleg å skjerma litt frå andre. Må ta ei vurdering på kvar tilbod kan giast og spela inn til investeringsbudsjettet</p> <p>Vurdere om vi har brukarar som kan ha f.eks kan ha kveldsforing som fast arbeid</p> <p>Bufellesskap som har bebuarar som er heime på dagtid i vekedagane, kan invitere andre som og er heime på lunsj. Kan gå på rundgang.</p>	<p>Tildelingskontoret og eining for habilitering, i samarbeid med oppvekst</p> <p>Kommunestyret</p> <p>Einingsleiar/Avdelingsleiar</p> <p>Leiargruppa</p> <p>Kommunalsjef, einingsleiar habilitering og i SKE</p> <p>Leiargruppa i eining for habilitering</p> <p>Leiargruppa i habilitering</p>	<p>Kontinuerleg</p> <p>01.12.23</p> <p>01.02.24</p> <p>31.12.23</p> <p>15.11.23</p>
--	---	--	--	---

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon 22/23

	Få oversikt over aktuelle fritidsaktiviteter og organisert fysisk trening for våre brukarar	Setja opp ei oversikt over aktuelle aktiviteter i samarbeid med idrettslag, organisasjonar og frivillige, NFU	Avdelingsleiar Sæbø gard	31.12.23
Rekruttering	Omdømmebygging/framsnakking	Fokusere på å snakke positivt om arbeidsplassen sin	Alle	Kontinuerleg
	Ta imot studentar/elevar/lærlinger på ein god måte	Fokus på at alle tilsette har eit ansvar for oppfølging av dei som er i ulike praksisar, i tillegg til kontaktar sitt særskilde ansvar	Alle	Kontinuerleg
	Legge til rette for alternative arbeidstidsordningar	Saman med tillitsvalde og vernetenestene sjå på ulike arbeidstidsordningar som kan vere aktuelle i eininga	Einingsleiar og LTV-møtene	Ved evalueringar av turnusordningar
	Inkludere vernepleiarar i traineeordning i kommunen	Traineeordning som skal opprettast i kommunen vert utvida til og å ha med vernepleiarar	Kommunalsjef	Haust 23
	Leiaropplæring/leiarutvikling	Nærværprosjekt og andre program pågår i kommunen	Personalavdelinga	Haust 23
Kompetanse	Kompetanseplan for eininga er under utarbeiding.	Kompetanseplan for eining for habilitering er under utarbeiding. Denne viser mellom anna årshjul med faste område ein skal ha fokus på til faste tider på året, for å sikre jamleg oppdatering av kunnskap. I tillegg er det m.a. opplæringsplan for nye tilsette, kva kurs som er obligatoriske og rutine for opplæring i kvar einskild avdeling	Einingsleiar/arbeidsgruppe	31.12.23

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon 22/23

	VR-briller – kompetansehevande kurs som alle skal gå gjennom	VR-briller med faste kurs som skal gjennomførast. Ei avdeling har allereie gjennomført, med veldig gode attendemeldingar. Laga plan for gjennomføring i alle avdelingar	Avdelingsleiar Saghaugen	31.12.23
	PAS – fortsetja fokus på dette	20% stilling finansiert gjennom prosjektmidlar for ressursperson som planlegg og gjennomfører kompetanseheving, og som gir vegleiing i avdelingar. Det vert satsa på SOR digital. Søkje om prosjektmidlar vidare i 2024	Einingsleiar og prosjektmedarbeidar	Februar 2024
	Gjennomføre fagdager etter årshjul	Arrangere fagdagar som er relevante til tema som ligg fast i årshjulet i kompetanseplanen	Leiargruppa	
Avvik -opplæring og oppfølging	Jamleg opplæring i kva som er avvik og korleis skrive avvik. Inn i årshjul	Deltaking av systemansvarleg på personalmøter der det ikkje er gjennomført. Jamleg fokus	Leiargruppa	Kontinuerleg
	Opplæring for leiarar i handsaming av avvik	Gjennomgang i leiarmøte	Einingsleiar	31.12.23
	Gjennomgang av avvik på LTV-møter	Deltakarar i LTV-møtene vert einige om kva som må takast opp på neste personalmøte.	Avdelingsleiar og verneombod	Kvar 6. veke
	Opprette tiltak knytt til meldte avvik der det er behov.	Nytta muligheten som ligg i systemet til å beskrive tiltak på avvika.	Avdelingsleiar	Kontinuerleg vurdering

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon 22/23

Brukererfaringar – systematisk innhenting	Dagleg observasjon av og kommunikasjon med brukar dokumenterast i Profil.	Viktig at vi dokumenterer det brukar gjer uttrykk for av ynskjer og behov.	Alle tilsette	Kontinuerleg
	Årleg gjennomgang av «Kva er viktig for deg» tiltaket	Samtale med brukar, evt pårørende/verje der brukar ikkje kan, for å sikre at brukar sine ynskje vert høyrte	Primærkontakt	Årleg
	Jamleige samarbeids- og ansvarsgruppemøter	Følgje rutinar på dette	Koordinator/primærkontakt	Etter plan
	Vurdere å gjennomføra brukar/pårørandeundersøking	Sjå på eksisterande undersøkingar. Undersøke om det er andre kommunar som får til noko på dette.	Einingsleiar	01.03.24
	Sikre at alle brukarar har primærkontakt, og koordinator der det er naudsynt	Godt fungerande primærkontaktsystem vil vere med og sikre brukarmedverknad. Primærkontakt må setjast inn i oppgåvene/bruka stillingsbeskriving i eininga	Avdelingsleiar	Kontinuerleg
Sjukefråværsarbeid	Leiarar, tillitsvalde og verneombod deltek på nærværsprosjekt i kommunen	Kommunen har prosjekt saman med NAV arbeidslivssenter for utvalde einingar i RHO, barnehage og skule	Personalavdelinga	Pågår
	HMT, arbeidsmiljø og organsiering av arbeidet tema i LTV møter i avdelingane	Ha dette som fast tema på agenda i LTV-møtene	Avdelingsleiar	Kvar 6. veke
	Arbeide med at det vert naturleg å gå til leiar før ein går til lege	Snakka om i avdelingane at dette er ok	Alle	

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon 22/23

	Følgje kommunen sine retningsliner for sjukefråværsoppfølging	Fokus på at leiarar nyttar seg av rutinen	Leiargruppa	Kontinuerleg
	Tilretteleggingsarbeid	Tilretteleggingar skal vere tidsavgrensa og bli evaluert. Dokumentere kva tilretteleggingar som vert gjort i oppfølgingsplanar og personalmapper	Avdelingsleiar	Kontinuerleg



Saksframlegg

Saksnr: 2023/355-14
Saksbehandlar: Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	42/23	06.12.2023

Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning - statusrapport

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Frist for levering av ferdig rapport til sekretariatet, med opphavelig frist 31.12.23, vert utsett frå forrige frist 21.01.24 til __.__.24.
3. Rapporten er tenkt til kontrollutvalet sitt første møte i 2024.
4. Kontrollutvalet ber om at midlar til ferdigstilling i 2024, grunna forseinkingar jmf. dialog med kommuneadministrasjonen, vert overført frå 2023 til 2024.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at Deloitte skal orientere kontrollutvalet om status for framdrift med denne eigarskapskontrollen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i møte 20.04.2023, der det i sak PS 13/23 vart gjort slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning i Stord kommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og evt. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, pkt. 1.2 og 1.3 (Hovudprosjekt og opsjon)
3. Det vert også akseptert inntil 6 timar på evt. presentasjon av rapporten i Stord kommunestyre, fakturert etter timeforbruk, jmf. prosjektplan pkt. 4.2.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 31.12.2023, ferdig verifisert og med kommunedirektør/rådmann sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Av den godkjende prosjektplanen går det fram at føremålet med eigarskapskontrollen er:

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke og vurdere om Stord kommune har etablert tilfredsstillande system og rutinar for eigarskapsforvaltning, under dette om kommunen si eigarskapsmelding er i samsvar med lovkrav og relevante tilrådingar, om organiseringa av arbeidet med eigarskapsforvaltning er hensiktsmessig og om eigarskapsforvaltninga blir praktisert i samsvar med krav i regelverk, tilrådingar for god kommunal eigarstyring og kommunen sine egne prinsipp for eigarskapsforvaltning.

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen etablert ei føremålstenleg organisering av den overordna eigarskapsforvaltninga?
2. Har kommunen ei eigarskapsmelding som oppfyller krava i regelverket?
3. I kva grad har kommunen utarbeidd ein tydeleg strategi for sine eigarskap?
4. I kva grad har kommunen etablert ei eigarstyring i samsvar med relevante lovkrav og tilrådingar for god eigarstyring i kommunal sektor? Under dette:
 - a. I kva grad har folkevalde og styremedlemmar fått tilstrekkeleg opplæring i kommunal eigarskapsforvaltning?
 - b. Er det etablert rutinar for å sikre god samansetning og kompetanse i selskapsstyra?
 - c. I kva grad stiller kommunen krav til selskapa om:
 - i. Utarbeiding av etiske retningsliner
 - ii. Registrering av styreverv
 - iii. Fastsetting av godtgjersle for styremedlemmar
 - iv. Rutinar for habilitetsvurdering
 - v. Utarbeiding av styreinstruks
 - vi. Årleg plan for styret sitt arbeid
 - vii. Evaluering av styret sitt arbeid
5. I kva grad har kommunen følgt opp selskapa i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapa?
6. I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapa?

Av prosjektplanen går det vidare fram opplysningar om opsjon (som kontrollutvalet bestilte) og om avgrensingar i revisjonen:

Eigarskapskontrollen det er lagt opp til over, er i utgangspunktet avgrensa til å omfatta kommunen sitt arbeid med overordna eigarstyring. Her nyttar ein seg av dokumentanalyse og intervju som metodiske framgangsmåtar.

Revisjonen la i tillegg inn ein opsjon, som kontrollutvalet også bestilte, på å inkludere ei spørjeundersøking eller ein serie med strukturerte intervju, der ein ber styremedlemmar valt av kommunen, styreleiarar (og ev. daglege leiarar) i selskap der Stord kommune har ein vesentleg eigardel svarta på:

- I kva grad selskapa har etablert ein praksis i samsvar med kommunen sine føringar
- I kva grad selskapa opplever at kommunen utøver ein tydeleg og hensiktsmessig eigarskapsforvaltning

Føremøn med denne opsjonen, er at kontrollutvalet får meir innsikt i korleis selskapa vurderer både kommunen som eigar og sin eigen praksis når det gjeld å følgja opp dei krav og føringar Stord kommune som eigar stiller til selskapa.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjerdsmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Informasjon i saksframlegg til kontrollutvalsmøte 20.09.2023.

I dette møtet vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet. Deloitte vert også utfordra på å ta opp med kontrollutvalet dersom dei ser forhold (raude eller gule flagg) som gjer at det bør gjerast endringar i bestillinga.

Deloitte er beden om å gje ei skriftleg tilbakemelding, som kunne inngå i saksframlegget. Sekretariatet mottok slik orientering frå forvaltningsrevisor Kjersti Gjuvslund i epost av 08.09.2023:

«Følgande er status for overordna eigarskapskontroll i Stord kommune:

- Revisjonen har utsett oppstarten av dette prosjektet, då me for tida har mange parallelle eigarskapskontrollar og me gjennomfører desse fortløpande med stort sett same team av medarbeidarar. Dette for å sikre kompetanse og effektiv gjennomføring av prosjekta.
- Oppstartsbrev med dokumentførespurnad er sendt til kommunen, der frist for oversending av dokumentasjon blei sett til tysdag 5. september. Administrasjonen har bedt om, og fått, utsett frist til fredag 15. september.
- Per i dag ser ikkje revisjonen risiko for forseinkingar i prosjektet (med atterhald om at etterspurt dokumentasjon blir oversendt innan 15.09, intervjuobjekt stiller til intervju mv.)»

Sekretariatet mottok tlf. frå økonomisjefen 12.09.23 om at det kunne vera utfordringar med å få fram all etterspurt dokumentasjon som Deloitte har etterspurt innan gjevne fristar, bl.a. grunna arbeid relatert til kommuneval og budsjettarbeid. Det vart formidla frå sekretariatet at hovudmottakar av den informasjonen må vera Deloitte, men at tid for ferdigstilling totalt sett kan drøftast i møtet. Ettersom første møte i året brukar å vera mellom medio februar og ei veke ut i mars, kan det td. gå bra om leveringsfrist for Deloitte vert utsett frå 31.12.23 til 21.01.24. Om det igjen medfører at nokre av kostnadene med revisjonsarbeidet kjem i nytt år, kan dette takast opp ved årsskiftet ift. evnt. overføring av nokre midlar frå 2023 til 2024.

Kontrollutvalet fatta slik vedtak 20.09.23 i sak PS 27/23

1. Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.
2. Leveringsfrist vert utsett frå 31.12.23 til 21.01.24.

3. Dersom utsett leveringsfrist medfører at kostnader berekna i 2023 kjem i 2024, ber utvalet om busjettoverføring til nytt år

Informasjon etter møtet i september.

Sekretariatet mottok slik informasjon frå Deloitte i epost av 29.09.23:

«I samband med pågåande overordna eigarskapskontroll i Stord kommune har vi tidlegare informert om forseinkingar i oversending av dokumentasjon frå kommunen. Vi vil med dette informere om at vi framleis ikkje har mottatt etterspurd dokumentasjon frå kommunen. Vi har fått tilbakemelding om at det først vil vere mogeleg å få dette oversendt etter veke 41, men vi har ikkje lukkast med å få tilbakemelding frå kommunen på innan kva dato vi kan vente å få dette tilsendt.

Det er på bakgrunn av dette auka risiko for forseinking i denne eigarskapskontrollen. Vi vil fortsette med å følgje opp kommunen for å prøve å få meir informasjon om vegen vidare og om dei eventuelt treng meir rettleiing.»

Sekretariatet etterspurde ny status hjå Deloitte 23.11.23, og fekk slik svar 24.11.23:

«Dette er status i pågåande eigarskapskontroll i Stord kommune:

- «Sidan førre status (sendt 29. september) har vi fått tilsendt dokumentasjon frå kommunen. Opphavelig frist for oversending av dokumentasjon var 5. september og vi fekk dokumentasjonen oversendt 31. oktober.
- Vi har gjennomført tre intervju som snarleg blir sendt på verifisering. Det står att eit intervju som har blitt utsett grunna sjukdom.
- Vi ønsker i løpet av desember å gjennomføre strukturerte intervju med styreleiar og dagleg leiar i selskap der kommunen har meir enn 20 prosent eigardel. Dette avhenger av at kommunen sender oss oversikt over og kontaktinformasjon til styremedlem i selskap der kommunen har eigardel (vi har etterspurt, men ikkje fått dette)
- Det har vore utfordringar knytt til at e-postmottakarar i Stord kommune ikkje får e-postar sendt frå oss (e-postar blir sett i karantene av brannmur). Dette har ført til noko meirarbeid, då vi mellom anna har måtte ringe og booke om intervju fordi invitasjon ikkje har dukka opp hos mottakar)
- Basert på forseinkingar frå kommunen si side i dette prosjektet vil det ikkje vere mogeleg å få ferdigstilt denne rapporten samt sendt den på verifisering og høyring i kommunen innan 21. januar. Vi foreslår ny frist for levering i utgangen av februar.»

Følgjeleg blir det forseinka levering. I møtet er det aktuelt å vurdere leveringsdato ift. når neste utvalsmøte bør vera.

Konklusjon

Som nemnt overfor, vil dato for ferdigstilling av rapporten bli eit tema. Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, som t.d. krev justering ift. prosjektplan, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/469-4
Saksbehandlar:Hogne Haktorson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Stord kommune, Kontrollutvalet	43/23	06.12.2023

Orientering om postlista til Stord kommune ift. sensitive opplysningar

